



VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sondre Kaastad Sørdsdal, 5557 2304

Løyve etter forureiningslova til utfylling og mudring i samband med etablering av ny gang- og sykkelveg i Kinn kommune for Vestland fylkeskommune

Statsforvaltaren gir Vestland Fylkeskommune løyve til mudring av ca. 500 pfm³ og utfylling av eit område på ca. 1 000 m² i Eikefjorden i Kinn kommune. Formålet med tiltaket er etablering av gang- og sykkelveg, og utbetring av deler av dagens fylkesveg 611.

Siltgardin skal nyttast gjennom anleggsperioden for å hindre spreining av finstoff frå mudring- og utfyllingsarbeida . Tiltaket skal overvakast med turbiditetsmålingar med alarmgrense på bakgrunnsverdi + 10 NTU, med alarm og stans i arbeidet dersom turbiditeten overstig grenseverdien i meir enn 30 minuttar. Mudring og utfylling skal ikkje skje i gyteperioden til torsk, frå 1. februar til og med 30 april.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Vi viser til søknad motteken 29. august 2023.

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve etter forureiningslova § 11 med vilkår etter lovas § 16. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrollova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no.

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet




Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 38 900 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Om tiltaket

Vestland fylkeskommune søker om løyve etter forureiningslova til utfylling av eit område på ca. 1 000 m² og mudring av ca. 500 m³ ved gnr./bnr. 55/1, 55/24, og 55/52 i Kinn kommune. Tiltaksområdet gjeld delstrekning 1b på kartskissa i figur 1. Det er planlagt mudring av sjøbotn og utfylling av massar for å gjere plass til sikring mot stormflo og bølger for gang- og sykkelveg langs sørsida av Fv. 611. Dei mudra massane skal nyttiggjerast i vegtiltaket på land. Dersom prosjektet får økonomisk støtte vert det også seinare planlagt tilsvarende mudring og utfylling langs delstrekning 1a.



Figur 1. Tiltaksområde i sjø for ny gang- og sykkelveg ved Fv. 611 i Eikefjord, Kinn kommune.

Tiltaket er regulert i «Detaljreguleringsplan¹ - Kvalvik/Eikefjord sentrum - Gang- og sykkelveg langs Hovlandsvegen og utbetring av fylkesveg 542», plan-ID: 1401_20160109 (vedteken den 13.02.2018), samt godkjent dispensasjon² frå reguleringsplan for mudring utanfor plangrensa ved delstrekning 1b (vedteken 04.10.2023).

Identifiserte miljørisikoar i samband med mudrings- og utfyllingstiltaka er følgjande:

- Spreiing av (skarpe) finpartiklar, plast og nitrogenforbindingar frå utfylt sprengstein
- Spreiing av finstoff frå sjøbotnen grunna resuspensjon under mudring og utfylling


¹ Flora kommune, «Detaljreguleringsplan, Kvalvik/Eikefjord sentrum, Gang- og sykkelveg langs Hovlandsvegen og utbetring av fylkesveg 542,» 2017. Arkivnummer: 16/1824

² Kinn kommune, «Vedtak - Gbnr 55/194 mfl. - fv. 611 Eikefjord - Dispensasjon frå plan og plan-og bygningslova §1.8,» 2023.



- Spreiing av partiklar frå mudra massar som ligg til avvatning på land
- Støy (over og under vatn) frå anleggsmaskiner under mudring og utfylling

Eikefjorden er registrert som eit regionalt viktig gytefelt for torsk. Kysttorsken gyt hovudsakleg i mars-april, og så seint som juni i enkelte fjordar. Kysttorsken nyttar gjerne dei same gyteplassane år etter år, og gjerne i strandsona. I Hamnaelva har det av lokale kjentmenn blitt observert sjøaure og/eller laks som vandrar opp til Hovlandsbrua ved Fv. 611.




Figur 2. Gyteområde for torsk (stripete skravur) ved tiltaksområde, samt lakseførande strekning i Hamnaelva.

Identifiserte sårbare lokalitetar nær tiltaksområda:

- Regionalt viktig gyteområde for torsk
- Ålegras like utanfor tiltaksområdet
- Blautbotn i strandsona
- Anadrom fisk i Hamnaelva

I to buker nord for Hamnaneset i sørvest er det registrert ålegras med nasjonalt viktig verdi (A-område lengst sør) og regionalt viktig verdi (B-område lengst nord), samt eit ålegrasfelt i Kyrkjebukta i aust med regionalt viktig verdi (Bområde). Sør for Kyrkjebukta er det registrert ein større tareskogførekost med regionalt viktig verdi (Bområde). Under miljøteknisk sedimentundersøking utført i januar 2023, blei det observert ålegraseng like utanfor tiltaksområdet ved delstrekning 1b. I tillegg vart den marine naturtypen «blautbotnfauna i strandsona» observert i og utanfor tiltaksområda. Tareskog og ålegrasenger er viktige habitat for ung kysttorsk.



Figur 3. Registrerte naturverdiar ved tiltaksområdet.

Følgjande avbøtande tiltak er tilrådd for å minimere negative miljøpåverknader:

- Utplukking av plast (tennmidlar og skytestreng) frå sprengstein før utfylling, og/eller innsamling av plast som flyt opp i sjøoverflata etter utfylling.
- Unngå mudring- og utfyllingsarbeid i sjø i gytetida for torsk frå 1. februar til og med 30. april.
- Bruk av siltgardin gjennom heile vassøyla med feste i botnen, så tett opp mot tiltaksområdet som praktisk mogleg, for å unngå spreiding av finstoff, skarpe partiklar og plast.
- Avvatning av mudra massar på land ved delstrekning 1b som er beskytta med siltgardin utanfor.
- Overvaking av turbiditet ca. 10 meter utanfor siltgardina for å sikre at gardina er tett og fungerer slik den skal. Loggaren skal ha online sanntidsmålingar kvart 15. minutt og sende SMS-varsling til tiltakshavar og utførande entreprenør dersom målingar overskrider alarmgrensa.
- Fastsette kva som er naturleg bakgrunnsverdi for turbiditet jf. NS-9433.
- Grenseverdi for turbiditet utanfor siltgardina vert føreslått å vere bakgrunnsverdi + 10 FNU over ein periode på meir enn 30 minutt.
- Alarmgrensa for turbiditet utanfor siltgardina vert føreslått vere bakgrunnsverdi + 7 FTU slik at det er tid til å avklare årsaksforholda til stigande turbiditet før grenseverdien vert overskriden.
- Ved overskriding av alarmgrensa skal ein kontrollere om siltgardina er tett. Dersom overskridingar skuldast anleggsarbeidet, skal arbeidet ikkje starte opp att før turbiditeten er nede på stabilt nivå under alarmgrensa.
- Dersom det skjer gjentakande overskridingar av grenseverdien, skal det utførast fleire avbøtande tiltak. Dette kan eksempelvis vere å tilføre ei ekstra partikkelsperre.

Høyring

Søknaden vart sendt på høyring til Bergens sjøfartsmuseum, Fiskarlaget Vest, Kinn kommune og Fiskeridirektoratet. Frist for å gje uttale var 5. januar 2024, Vi fekk følgjande høyringsutsegn:



Kinn kommune (26. januar 2024)

Kinn kommune har ingen merknad til søknaden.

Fiskeridirektoratet (11. januar 2024)

Attgjeving av uttale:

«Fiskeridirektoratet er styresmaktenes rådgivende og utøvende organ innen fiskeri- og havbruksforvaltning. I saker som kan få følger for disse næringen, er det vårt ansvar å sikre deres interesser samtidig som vi skal sikre det marine biologiske mangfoldet. De marine leve- og oppvekstområdene er særlig viktige å ta vare på slik at også framtidige generasjoner kan fortsette å høste fra havet.

Det søkes om mudring og dumping langs land på en strekning like Eikefjord. Det er i høringsbrevet fra Statsforvaltaren oppgitt at det skal benyttes avbøtende tiltak som slitgardin og turbiditetsmåling i forbindelse med arbeidet. I tillegg skal det heller ikke gjennomføres mudring eller dumping i sjø i gytetiden for kysttorsk fra 1. februar til og med 30. april

Vår vurdering

Vi forutsetter at de tilrådde avbøtende tiltak settes som vilkår for en eventuell tillatelse. Utover dette har vi ingen merknader. Under følger noen generelle råd om mudring og dumping.

Mudring

Fiskeridirektoratet vil i utgangspunktet fraråde mudring i ålegressenger. Dette er fordi ålegressenger er spesielt verdifulle områder langs kysten, da de fungerer som oppvekst- og leveområder for en rekke ulike arter, bl.a. kysttorsk, ål, sjørørret og flere skalldyrarter.

Det må utvises varsomhet ved mudring i nærheten av ålegressenger og i bløtbunnsområder. Mudring medfører oppvirvling av partikler, som i neste omgang kan legge seg på ålegresset og redusere gressets fotosyntese. Bruk av slitgardin eller annen form for barriere reduserer partikkelspredningen vesentlig, og bør benyttes. Mudring må utføres i den tiden av året da det marine livet i strandsonen er mest i ro, hvilket er fra oktober til april. Større mudringsarbeider må unngås i eller i nærheten av gytetfelt for torsk i perioden januar til og med april.

Ved forurensede masser:

Det må utvises særlig aktsomhet ved mudring i forurensede sedimenter. Det må treffes tiltak for å begrense partikkelspredning mest mulig, for eksempel gjennom bruk av slitgardin. Forurensede masser skal alltid deponeres på godkjent mottak for slike masser.

Dumping

Vi forutsetter at masser som skal dumpes i sjø dumpes på godkjent dumpested. Der hvor godkjent lokalitet for dumping av masser ikke finnes, forutsetter vi at massene deponeres på land. Forurensede masser skal alltid deponeres på land.

Dumping av masser må primært skje på høsten og tidlig vinter. Dette er fordi det er den perioden av året hvor livet i kystsonen er mest i ro. I nærheten av gytetfelt for torsk, må imidlertid utfyllingsaktiviteter begrenses i perioden januar til og med april, som følger av at torsken gyter i den perioden.»



Bergens Sjøfartsmuseum (29. desember 2023)

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gnr./bnr. 55/194 i Kinn kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde tiltaket, men gjer merksam på den generelle plikten etter kulturminnelova (Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne) om stans i arbeid og varsling til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Rettsleg grunngjeving for løyve

Forureiningslova

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11.

Arbeid i sjø er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg". Mudring/utfylling som bidreg til å spreie finstoff som kan påverke fiskeinteresser, trua artar, marine naturtypar eller bidra til plastforureining, er ikkje vanleg forureining og tiltaket må ha løyve. Statsforvaltaren finn at dette tiltaket krev løyve etter lovas § 11, med vilkår for utføring etter § 16.

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 *Handtering av sediment* i vår vurdering av saka.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta innehelder forpliktande miljømål om at myndighetene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Kinn kommune har ikkje merknadar til at det vert gjeve løyve etter forureiningslova. Det vert likevel presisert at eit eventuelt løyve etter forureiningslova ikkje er einstyddande med at utfyllinga også vert godkjent etter plan- og bygningslova eller hamne- og farvasslova.

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.



Grunngjeving for valde vilkår og krav

Utfylling i sjø vil kunne medføre spreiring av partiklar som kan ha negative effektar på naturverdiar. Det kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggande sjøareal, og partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, skaldyr, og marint naturmiljø. Det er registrert sårbare marine naturtypar i området. Planlagt utfylling vil skje i og nær naturtypen «blautbotnsområde i standsona», nær ålegras, i eit regionalt viktig gyteområde for torsk, og nær Hamnaelva der anadrom fisk er observert.

Det vil være mellombelse effektar på områda rundt utfyllinga, særleg i anleggsperioden. Utfylling av masser i sjø vil føre til oppvirvling av finpartikulært materiale som kan verte spreidd i eit større område. Partikkelspreiring utgjør størst risiko for naturmangfald og fiskeriinteresser, og det stilles derfor strenge krav til partikkelspreiring ut frå utfyllingsområdet. I uttalen frå Fiskeridirektoratet ønskes det at tiltakshavar sine føreslegne avbøtande tiltak setjast som vilkår i løyvet. Avbøtande tiltak som er tekne inn som vilkår i løyvet er:

- Bruk av siltgardin for å unngå spreiring av finstoff
- Overvaking av turbiditet med sanntidsmålingar kvart 15. minutt. Grenseverdi for turbiditet utanfor siltgardin på bakgrunnsverdi + 10 FNU over ein periode på 30 minutt. Alarmgrense på bakgrunnsverdi + 7 FNU for å avklare årsaksforholda før grenseverdi vert overskriden
- Unngå arbeid i gytetida for torsk, frå 1. februar til og med 30 april.
- Utplukking av plast frå sprengstein før utfylling, og innsamling av plast som flyt i sjøoverflata etter utfylling.
- Avvatning av mudra massar på land bak siltgardin.

Ved bruk av siltgardin blir faren for forureining og negativ påverknad som følgje av utfyllinga verte redusert. Statsforvaltaren er einig med søkjars føreslegne avbøtande tiltak, og setter vilkår om kontinuerleg turbiditetsovervaking. Bruk av turbiditetsmålar og fastsetting av naturleg bakgrunnsverdi for turbiditet skal bli gjennomført i samsvar med NS-9433. Grenseverdi er sett til bakgrunnsverdi + 10 NTU/FNU, med alarm og stans i arbeidet dersom turbiditeten overstig grenseverdien i meir enn 30 minuttar. Alarmgrensa for turbiditet utanfor siltgardina er bakgrunnsverdi + 7 FTU slik at det er tid til å avklare årsaksforholda til stigande turbiditet før grenseverdien vert overskriden. Ved overskriding av alarmgrensa skal ein kontrollere om siltgardina er tett. Dersom overskridingar skuldast anleggsarbeidet, skal arbeidet ikkje starte opp att før turbiditeten er nede på stabilt nivå under alarmgrensa.

Dersom sedimenta i tiltaksområdet er forureina, kan også forureining verte spreidd. I dette tilfellet skal tiltaket utførast i eit område som er forureina med tungmetall og organiske miljøgifter i tilstandklasse I-II. Det er berre antracen som er påvist i klasse III iht. Miljødirektoratet sin rettleiar M-608³. Ved bruk av siltgardin og turbiditetsovervaking med stans i arbeid dersom turbiditet overstig grenseverdien, vert faren for forureining og negativ påverknad frå forureina sediment redusert til eit akseptabelt nivå.

Tiltakets avgrensa omfang, varigheit, og avbøtande tiltak gjer at Statsforvaltaren vurderer risikoen for naturmiljøet når det kjem til spreiring av partiklar som akseptabelt.

³ Miljødirektoratet M-608 «Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota»



Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

I samband med utarbeiding av søknad om løyve etter forureiningslova er det henta inn informasjon om moglege forureiningskjelder i området og det er henta inn informasjon om viktige natur- og fiskeriinteresser i området frå databasar via Kystinfo.no.

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak. Dersom det er naudsynt med driftsstans på anlegget for å unngå uakseptabel grad av forureining som følgje av anleggsverksemda, vil denne meirkostnaden også reknast som i samsvar med NML § 11. Vi krev også at det skal nyttast dei beste moglege tekniske løysingane som ut frå ei kost/nytte-vurdering gjev best mogleg resultat for miljøet, jf. NML § 12. Elles viser vi til våre vurderingar og grunngevingar ovanfor under punktet kalla *Grunngeving for valde vilkår og krav*.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er moglegeheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipientane vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre til at miljømåla ikkje vert nådde, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Endring og omgjerung

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.



Brot på krav som følger direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Løyvets vilkår

Kopi til:

Norconsult AS

KINN KOMMUNE

FISKERIDIREKTORATET

STIFTELSEN MUSEUM VEST

Postboks 294

Postboks 185 Sentrum

Lyngneset 2

6701

5804

5302

MÅLØY

BERGEN

STRUSSHAMN



Løyve etter forureiningslova til utfylling og mudring i samband med etablering av ny gang- og sykkelveg i Kinn kommune for Vestland fylkeskommune

Statsforvaltaren gir Vestland fylkeskommune løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 29. august 2023 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventta oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	Vestland fylkeskommune
Postadresse	Askedalen 2 og 4, 6863 Leikanger
Kommune og fylke	Kinn, Vestland
Organisasjonsnummer/ eigd av	821 311 632

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2024.0128.T	4602.0288.01	2023/17395

Løyve gitt første gong: 6. februar 2024	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Magne Nesse senioringeniør	Sondre Kaastad Sørsdal rådgjevar	

Dokumentet er godkjent elektronisk

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar



Innhald

1	Rammevilkår	3
1.1	Omfang.....	3
1.2	Varsel om oppstart.....	3
2	Generelle vilkår.....	3
2.1	Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg.....	3
2.2	Plikt til førebyggjande vedlikehald	3
2.3	Tiltak ved auka forureiningsfare	3
2.4	Miljøriskovurdering av anleggsarbeida	3
2.5	Ansvar	4
2.6	Erstatningsansvar	4
2.7	Kulturminne i sjø	4
2.8	Sakshandsaming etter anna lowerk.....	4
3	Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining.....	4
3.1	Internkontroll.....	4
3.2	Beredskapsplan.....	5
3.3	Varsling om akutt forureining.....	5
4	Vilkår for utføring av tiltak i sjø.....	5
4.1	Generelt.....	5
4.2	Tidsavgrensingar	5
4.3	Kontroll av utfyllingsmassar	5
4.4	Partikkelsperre og turbiditetsovervaking.....	5
5	Kontroll- og overvaking	6
5.1	Plan for kontroll og overvaking	6
6	Avfall	6
6.1	Generelle krav.....	6
6.2	Handtering av farleg avfall	6
6.3	Plast	6
7	Rapportering og dokumentasjon	7
	• Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.....	7
8	Tilsyn.....	7



1 Rammevilkår

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå mudring og utfylling i sjø på utanfor gnr./bnr. 55/194 ved Eikefjord i Kinn kommune.

Tiltaket i sjø omfattar utfylling av over eit areal på ca. 1 000 m² og mudring av ca. 500 pfm³. Arbeida vil skje frå land.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 29. august 2023 og tilleggsopplysningar i saka med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.4 Miljøriskovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljøriskovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljøriskovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.



Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta¹. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova² og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

¹ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)

² Produktkontrollova av 11.06.1979 nr 79



3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein måte som minimerer spreining av partiklar og tilslamming av vassmassane. Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar skal arbeidet stanses og korrigerande tiltak gjennomførast.

4.2 Tidsavgrensingar

Av omsyn til gyte- og oppvekstperiode for torsk i tiltaksområde, skal utfylling og mudring ikkje skje i perioden frå 1. februar til og med 30 april.

4.3 Kontroll av utfyllingsmassar

For utfyllinga skal det nyttast mest mogeleg reine massar. Massane skal være egna for føremålet. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen.

4.4 Partikkelsperre og turbiditetsovervaking

Det skal nyttast ein eller fleire siltgardin gjennom heile vassøyla med feste i botnen, så tett opp mot tiltaksområdet som praktisk mogleg for å unngå spreining av finstoff, skarpe partiklar og plast.

Avvatning av mudra massar skal skje på land som er beskytta med siltgardin utanfor.

Turbiditetsmålingar skal planleggast og utførast i samsvar med Norsk Standard jf. NS-9433. Partikkelkonsentrasjonen ca. 10 meter utanfor partikkelsperre skal ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 10 FNU/NTU i ein periode på meir enn 30 minutt. Loggaren skal ha online sanntidsmålingar kvart 15. minutt og sende SMS-varsling til tiltakshavar og utførande entreprenør dersom målingar overskrider alarmgrensa. Alarmgrensa for turbiditet utanfor partikkelsperre er bakgrunnsverdi + 7 FTU slik at det er tid til å avklare årsaksforholda til stigande turbiditet før grenseverdien vert overskriden.



Ved overskriding av alarmgrensa skal ein kontrollere om siltgardina er tett. Dersom overskridingar skuldast anleggsarbeidet, skal arbeidet ikkje starte opp att før turbiditeten er nede på stabilt nivå under alarmgrensa. Dersom det skjer gjentakande overskridingar av grenseverdien, skal det utførast fleire avbøtande tiltak. Dette kan eksempelvis vere å tilføre ei ekstra partikkelsperre.

Kunnskap og informasjon tileigna i prosjektet skal nyttast for justering av måleprogrammet. Viss observasjonar eller målingar viser at målaren ikkje er plassert på eigna stede eller djupne, skal målaren flyttast.

5 Kontroll- og overvaking

5.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvaksingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreining av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreining av partiklar og plast. Kontroll- og overvaksingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Kontroll- og overvaksingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar for handtering av sediment M-350/2015. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard. Den ferdige kontroll- og overvaksingsplanen sendes til Statsforvaltaren i forkant av anleggsstart.

6 Avfall

6.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Kystverket pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

6.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal vere merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal vere sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarering.no.

6.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal



loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvakingssplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark³ M-1085 | 2018 kan nyttast som ein rettleier.

7 Rapportering og dokumentasjon

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan 8 veker etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde:

- Skildring av gjennomføringa av tiltaka
- Oversikt over uønskte hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

8 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

³ Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018